

Evaluering av TEAT115 våren 2019

Emnet TEAT115 vart tilbudd for fyrste gong våren 2019, og tek for seg framsyningsanalyse og teaterkritikk. Eit evalueringsskjema med 24 spørsmål vart sendt ut til 13 registrerte studentar, og 11 svar vart henta inn.

Den generelle attendemeldinga frå studentane er at emnet har fungert godt, og respondentane verkar vere særleg godt nøgde med øvingsoppgåver og det at dei har sett framsyningar som ein del av undervisning/pensum.

Både arbeidsomfang og læringsutbyte verkar stå til forventingane, og 7 respondentar svara at dei nytta 2–4 timar kvar veke på eigenarbeid.


Undervisarar på emnet opplev at forelesingar og rettleiing har fungert godt. Vi ser at studentane er aktive og lærevillige i møte med stoffet, og at øvingsoppgåver undervegs gir resultat. Ved oppfølging og rettleiing blir det òg tydeleg kvar undervisinga kan tilpassast for å gi best mogleg opplæring i dei to sjanrane.

Eksamensform med mappeevaluering verkar vere den riktige løysinga for emnet. Emneundervisarane får fordelt oppgåvearbeidet meir jamt i løpet av semesteret, og slepp dobbelt arbeid med eiga semesteroppgåve i tillegg til eksamen (slik det har vore tidlegare). Studentane får grundigare attendemelding på arbeidet sitt, og får testa ferdigheitene i både framsyningsanalyse og teaterkritikk.


Vidare vil vi jobbe for å integrere pensum og forelesingar enno betre, og skreddarsy eit undervisningsopplegg som gir best mogleg læringsutbyte. Alt i alt er fagmiljøet særst godt nøgd med det nye emnet, og reknar det som ei vellukka endring i emneporteføljen til faget.

På dei to neste sidene følgjer svarstatistikk på dei mest sentrale spørsmåla frå undersøkinga.


Kor godt nøgd er du med TEAT115 generelt?




Kor godt nøgd er du med forelesingane om framsyningsanalyse?




Kor godt nøgd er du med forelesingane om teaterkritikk?




Kor mykje har eg jobba med emnet?



Kor mykje har eg lært?



Pensum i dette emnet har vore...



Framsyingane på pensum har vore...

